



Vest-Telemark

Referat

Interkommunalt samarbeid i Vest-Telemark - møte i lokaliseringsutvalet

Stad: Tuftin Fjellgard, Rauland
Dato: Tysdag 23. Mai 2017
Kl.slett: 09.30 – 11.30

Lokaliseringsutvalet / deltakarar:

Erik Skjervagen, ordfører i Fyresdal
Halvor Homme, ordfører i Nissedal
Jarand Felland, ordfører i Tokke
Tarjei Gjelstad, ordfører i Kviteseid
Jon Svartdal, varaordfører i Seljord (vara for Halfdan Haugan)
Jon Rikard Kleven, ordfører i Vinje
Jan Myrekrok, rådmann i Vinje
John Kleiv, rådmann i Tokke
Ketil Kiland, rådmann i Fyresdal (PA)

Sverre Sæter, rådmann i Nissedal
Øystein Tveit, rådmann i Kviteseid
Kari Gro Espeland, konst. rådmann i Seljord
Ingrid Felli Sandåker, HTV i Vest-Telemark
Svein Ekre, HVO i Vest-Telemark

Andre som møtte

Geir Ufs, VTB
Kjell Gunnar Heggenes og Ole Dalen (PL/VTR adm)

Referent: Ole Dalen

Agenda

1. Tilråding for lokalisering

Sak 1 – Tilråding om lokalisering

Saksutgreiing med status i dei fem prioriterte tiltaka til møtet. Lokaliseringsutvalet skal søke å legge fram tilråding som gjev god effekt for nye samarbeid. Under er gjennomgangen av kvart av dei fem tiltaka og dialogen kring dette.

1 – IKT

Lokalisering av felles IKT driftsmiljø

Kommunevise tilbakemeldingar:

- Fyresdal, positive til å samle tenestene for alle – men er fornøyd i dag.
- Nissedal, positive til å samle tenestene for alle – men er fornøyd i dag.
- Seljord, negative og ser seg ikkje tent med å endre på dagens praksis for kjøp av IKT-drift.
- Vinje, positive til å samle tenestene for alle – og bygger vidare på dagen samarbeid med Kviteseid og Tokke.
- Tokke, positive til å samle tenestene for alle.
- Kviteseid, positive til å samle tenestene for alle.

Digitalisering vs IKT-drift

Det er viktig at digitalisering vert eit felles arbeid for alle i Vest-Telemark uavhengig av om alle eller nokon har felles driftsmiljø. Ein bør skilje tydelig mellom IKT-drift og digitalisering. Det kom forslag om å starte arbeidet med felles digitalisering i Vest-Telemark som eit prosjekt organisert gjennom VTR.

Arbeidet med digitalisering bør skje i eit felles styre på tvers av kommunane i Vest-Telemark, der ein kan leige inn kompetanse. Ein bør etablere eit digitaliseringsstyre med samansett kompetanse. Ein bør framstå einhetleg, og slik hente styrke for å få til meir. Einhet vil også gjere det lettare å samarbeide med andre framover.

Lokaliseringsutvalet tilrår:

Lokalisering av felles IKT drift for Kviteseid, Tokke og Vinje bør leggast til Tokke kommune.

Rådmannsutvalet får fullmakt til å legge fram forslag til organisering av etablering av digitaliseringsstyre. Dette kan finansierast av Skjønnsmidlar i 2018, organisert gjennom VTR.

2 – Økonomi

Til informasjon; Vinje kommune var ikkje del i utgreiinga av dette tiltaket.

Kommunevise tilbakemeldingar:

- Kviteseid, ynskjer å inngå samarbeid på alle område, og vil støtte eit utvida samarbeid uavhengig om det vert alle fem eller ferre.
- Seljord, ynskjer samarbeid, men i fyrste omgong avgrensa til løn og skatt.
- Nissedal, ynskjer å inngå samarbeid på lønn, skatt og rekneskap.
- Tokke, ynskjer å samarbeide med dagens organisering og behalde dagens bemanning i Tokke. Skatt og innkrevjing kan være aktuelt som samarbeidsområde også for Tokke, og eit meir utvida samarbeid litt meir på sikt.
- Fyresdal ynskjer eit utvida samarbeid, og innleder dette med Kviteseid og Nissedal. Ein vil sjå dette i samanheng med øvrige nye samarbeid.

Dialog på temaet

- Dette er eit område ein kan samlokalisere og få til innsparing, men krevjer standardisering.
- Ein må standardisere på system.
- Skatt kan ein samarbeide om uavhengig av anna samarbeid. Om ein kombinerer dette med innfordring, er det ikkje uavhengig av kommunal organisering, men gjev eit større grunnlag for å skape miljø.

Lokaliseringsutvalet tilrår:

Nissedal, Kviteseid og Fyresdal vil innleie samtaler for å etablere eit utvida samarbeid på alle område.

3 – Landbruk

Det er forsøkt å etablere felles landbrukskontor i Vest-Telemark tidlegare. Gjennomføring av eit samarbeid bør bygge på dagens organisering, og vokse seg saman til ei felles teneste litt over tid. Det er plansakene knytt til landbruk som har det største politiske fokuset.

Kommunevise tilbakemeldingar:

- Vinje, negative til samlokalisering av ressursane i Vinje, meir operativt samarbeid med dagens organisering. Er positive til meir samarbeid med Tokke for felles kontor.
- Seljord, negative til samlokalisering, meir operativt samarbeid med dagens organisering.
- Tokke, negative til samlokalisering, meir operativt samarbeid med dagens organisering.
- Kviteseid, positive til eit utvida samarbeid i Vest-Telemark.
- Nissedal, positive til eit utvida samarbeid i Vest-Telemark
- Fyresdal, uklart politisk, men ein peiker på eit utvida samarbeid i Vest-Telemark

Lokaliseringsutvalet tilrår:

(Fyresdal) Nissedal og Kviteseid vil innleie samtaler for å etablere eit utvida samarbeid.

4 – Næring

Til informasjon; Vinje kommune var ikkje del i utgreiinga av dette tiltaket.

Samlokalisering av næringssektorene er det ikkje stemming for frå nokon av kommunane. Nissedal peiker på at det er viktig å stø opp om felles kompetansemiljø, og peiker på miljøet i Kviteseid med og ressursen vi har med SIVA næringshage. Næringssektorene har i dag eit operativt og godt samarbeid, som bør fortsette.

Det var ein diskusjon knytt til rolla for næringssektoremiljø i kommunane og VTNU si rolle i Vest-Telemark. Ein ser seg tent med å gjennomføre ei forenkling, der ein kan slå saman VTNU og VTN.

Lokaliseringsutvalet tilrår:

Ein stø opp om innstillinga frå arbeidsgruppa. Vest-Telemarkrådet gjev ein oppmoding til styret i Vest-Telemark Næringsbygg AS om å ta opp organiseringa av Vest-Telemark Næringsutvikling AS i tråd med tilrådinga i rapporten frå EY.

5 – Konesjonskraftkompetanse

Proessen for å etablere kompetanse på konesjonskraft er utvida, der ein ser på et eventuelt samarbeid med alle seks Vest-Telemarkkommunane pluss Tinn og Hjartdal, saman med Telemark Fylkeskommune. Seinare har Vinje kommune tatt eit initiativ for å knytte til seg Odda i eit slikt samarbeid.

Ein har ein liknande samarbeid i Aust-Agder, med lokalisering i Valle. Dette miljøet har 5-6 tilsette.

Vinje har tatt eit initiativ til eit møte med Tinn, Odda og Tokke for å få til eit samarbeid på konesjonskraftkompetanse.

Nissedal, Seljord, Tokke og Kviteseid meiner at ein bør ha kommunal regi på eit slikt samarbeid der ein hvertfall Tokke og Vinje.

Det er også eit initiativ i Fyresdal næringshage knytt til å etablere eit miljø på konesjonskraftkompetanse (FAUN).

Dei tilsette i kommunane er også opptatt av ein lykkast med å etablere eit sterkt miljø på konsesjonskraftkompetanse, då dette vil kunne ha stor påverknad for kommunens økonomi og igjen dei tilsette sine arbeidsforhold.

Lokaliseringsutvalet tilrår:

Rådmann i Tokke kommune, Jon Kleiv er peika ut som PA for å gjennomføre eit forprosjekt, og driv prosessen vidare. Han inviterer til møte etter sommerferien.

Framdrift

Møte i styringsgruppa vert utsett, og ny dato kjem.

